



Foto: Silje Drevdal

# Handlingsprogram 2027–2029

SAMAN  
OM



Miljøløftet

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune  
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland



## Føreord

Miljøløftet er namnet på partnerskapen som saman har forplikta seg til å nå nullvekstmålet: I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at auken i persontransporten blir tatt med kollektivtransport, sykling og gange.

Miljøløftet består av ni partar: Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden kommunar, Vestland fylkeskommune og dei statlege verksemdene Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland.

Byvekstavtalen gjeld for perioden 2019–2029 og inneheld samla sett investeringar og støtte til drift for om lag 16 milliardar kroner. Miljøløftet har eit handlingsprogram som blir rullert årleg.

Handlingsprogram 2027–2029 er ei oversikt over investeringane som Miljøløftet planlegg dei neste tre åra, og inneheld prosjekt på om lag seks milliardar kroner. Realiseringa av handlingsprogrammet er avhengig av løyvingar både i fylkesbudsjett og statsbudsjett. For 2027 blir desse budsjetta vedtekne i desember 2026.

Alle partane i Miljøløftet har delteke aktivt i arbeidet med handlingsprogrammet, i alt frå arbeidsgrupper, samordningsfunksjon, prioriteringsråd og styringsgruppe, til avdelingane i partane sin eigen organisasjon. Alle prosjekt har eit eige prosjektark, som er samla i prosjektporteføljen for 2026.

Av alle prosjektarka som blei spelt inn til handlingsprogrammet har 86 prosjekt blitt vedtatt av styringsgruppa, noko som er eit tydeleg teikn på at det blir jobba godt for å få fram gode prosjekt.

For meir detaljert og utfyllande informasjon om prosjekta som er del av handlingsprogrammet, viser vi til porteføljen, som ligg på [miljøløftet.no](https://miljøløftet.no).

### Nærare om Bybanen

Stortinget vedtok Nasjonal transportplan 2025-2036 i juni 2024. Der er det er prioritert eit statleg bidrag til bybanen til Åsane, men midlane blir ikkje blir tilgjengelege før det er semje om trasé gjennom sentrum.

Dei lokale partane har gått saman om eit kompromissforslag basert på tunnelutgreiinga frå 2021, under føresetnad av at risikoen i prosjektet blir redusert til eit akseptabelt nivå knytt til kulturminne, grunnvatn og kostnader. I tillegg skal ein vurdere om det er mogleg å bygge ein underjordisk haldeplass ved Sverresborg.

Det blir jobba vidare med reguleringsplan for traséen gjennom sentrum. Dei andre reguleringsplanane som er vedtekne for bygging av bybane til Åsane blir uendra.

I Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2027-2029 er det sett av bompengar i tråd med Bypakke Bergen (prop 11 S) til arbeidet med reguleringsplan for strekinga Kaigaten til Sandviken, og til prosjektering og grunnerverv for heile strekinga Kaigaten-Vågsbotn.



## Innhold

---

<b>Miljøløftet</b>	4	Om Miljøløftet
--------------------	---	----------------

---

<b>Organisering</b>	5	Styringsgruppa
	5	Prioriteringsrådet
	5	Samordningsfunksjonen
	5	Geografiske arbeidsgrupper
	5	Organisasjonskart

---

<b>Styring</b>	6	Porteføljestyling
	6	Styringsprosess
	6	Årleg avgjerdsprosess

---

<b>Økonomi</b>	7	Finansiering byvekstavtalen
	7	Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	7	Merknader
	9	Inntekter byvekstavtalen
	9	Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	10	Utgifter byvekstavtalen
	10	Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)
	11	Prosjekt i byvekstavtalen
16	Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)	

---

# Om Miljøløftet


Gjennom byvekstavtalene samarbeider dei tre forvaltningsnivåa stat, fylkeskommune og kommune om det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil. Miljøløftet er namnet på samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet.

Avtalen er inngått mellom Samferdselsdepartementet (med Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet), Kommunal- og distriktsdepartementet (med Statsforvaltaren i Vestland), Vestland fylkeskommune og

kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Bompengepakka Bypakke Bergen (Prop. 11 S) er også ein del av Miljøløftet, men avgrensar seg geografisk til Bergen kommune.

Miljøløftet skal bidra til ei framtidretta utvikling av Bergensområdet. Byvekstavtalen sikrar ein meir heilskapleg bruk av verkemiddel enn det partane kan oppnå kvar for seg, fordi den omfattar statlege, fylkeskommunale og kommunale tiltak både på areal- og transportområdet. Prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal bidra til å nå nullvekstmålet og til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem som gir god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv.

## Byvekstavtalen



# Organisering

## Styringsgruppa

Styringsgruppa har hovudansvaret for styring og koordinering av Miljøløftet, basert på prinsipp om porteføljestyling og mål- og resultatstyring. Medlemmane er ordførarar eller byråd frå dei fem kommunane, fylkesordførar og representantar frå dei statlege partane. Dei avgjer kva for prosjekt som skal prioriterast og korleis pengane i Miljøløftet skal brukast.

## Prioriteringsrådet

Prioriteringsrådet består av representantar frå administrasjonen hos partane og fungerer som eit forberedande og rådgjevande organ for styringsgruppa. Som regel vert saker handsama i prioriteringsrådet, som foreslår vedtak, før det vert handsama av styringsgruppa.

## Samordningsfunksjonen

Samordningsfunksjonen skal samordne prosjektforslag for å legge til rette for god porteføljestyling. Den skal avvege faglege, tverrfaglege og geografiske

problemstillingar. Funksjonen skal sikre god kvalitet i utfylling av prosjektark og vurdere prosjekta opp mot kvarandre. Samordningsfunksjonen arbeider på vegne av alle partane i Miljøløftet.


## Geografiske arbeidsgrupper

Miljøløftet har fire geografiske arbeidsgrupper, med ansvar for kvar sin del av avtaleområdet. Dei fire arbeidsgruppene er: Nord-aust (Alver kommune og bydelane Åsane og Arna), Vest (Øygarden og Askøy kommunar, og ytre del av Laksevåg bydel), Sør (Bjørnafjorden kommune og bydelane Fana og Ytrebygda) og Sentrum (Bergenhuis, Årstad, Fyllingsdalen og Indre Laksevåg). Arbeidsgruppene er sett saman på tvers av etatar og vurderer prosjekta innafør sitt område .

## Sekretariatet

Sekretariatet er eit saksforberedande organ som koordinerer samarbeidet og oppfølginga av byvekstavtalen på vegne av alle partane i Miljøløftet, og legg til rette for god porteføljestyling og rapportering av økonomi og måloppnåing. Sekretariatet har også eit særskilt ansvar for kommunikasjon.

## Organisasjonskart



# Styring

## Porteføljestyring

Alle partane kan spele inn forslag til tiltak eller prosjekt som skal bidra til å nå nullvekstmålet. Forslaga blir samla i ein prosjektportefølje, som er utgangspunktet for porteføljestyring. Porteføljestyring vil seie at prosjekta blir prioritert basert på ei heilskapleg vurdering av

måloppfyljing, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring. I tillegg skal arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestyringa.

## Porteføljestyring i Miljøløftet



## Årleg avgjerdsprosess

- Basert på innspelte prosjekt, arbeider samordningsfunksjonen og prioriteringsrådet saman med sekretariatet fram forslag til fireårig handlingsprogram
- Styringsgruppa behandlar forslag til handlingsprogram for Miljøløftet i mars. Deretter blir det sendt til lokalpolitisk behandling i Vestland fylkeskommune og dei fem kommunane før sommaren.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av dei statlege midla, er styringsgruppa sitt innspel til Statsbudsjettet. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett (Prop.1 S) blir lagt fram i oktober med etterfølgande behandling i Stortinget.
- Handlingsprogrammet sitt forslag til bruk av fylkeskommunale midlar, er styringsgruppa sitt innspel til fylkesbudsjettet. Fylkesbudsjettet blir behandla i Fylkestinget i desember.
- Kvart år rapporterer Miljøløftet på kostnad og måloppnåing gjennom årsmeldinga.

# Økonomi

## Finansiering byvekstavtalen

Byvekstavtalen går over 11 år, frå 2019 til 2029, og avtalen inneheld statlege og fylkeskommunale finansieringsbidrag. Prosjekta i handlingsprogram 2027–2029 er utgangspunktet for partane sine innspel til fylkesbudsjet 2027 og statsbudsjet 2027. Finansieringa til prosjekta i handlingsprogrammet er avhengig av budsjettvedtak frå desse partane.

*Midlane i byvekstavtalen kjem frå følgande finansieringskjelder:*

### Statlege midlar

- Post 30: Programområdetiltak på riksveg
  - kan også nyttast til kommunale og fylkeskommunale gonge-, sykkel- og kollektivtiltak, avgrensa til investeringar. Dersom midlane nyttast til tiltak på kommunal og fylkesveg, blir budsjettmidlane teknisk overført frå post 30 til post 66.
  - løyvingane i statsbudsjetet kan variere frå år til år, men er i handlingsprogrammet berekna å beløpe seg til eit årleg gjennomsnitt av totalsummen i byvekstavtalen.
- Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt
  - Bybanen byggetrinn 5 til Åsane skal finansierast av denne ordninga, men konkret finansiering vil bli avgjort gjennom ein finansieringsavtale etter endeleg vedtak av reguleringsplan for traséen gjennom sentrum.
- Post 66: Tilskot til byvekstavtalar
  - belønningsmidlar til kommunane
  - belønningsmidlar til drift kollektiv (Skyss)
  - tilskot til betre kollektivtilbod

Post 66 blir utbetalt som tilskot frå staten til fylket med faste årlege summar.

### Fylkeskommunalt bidrag

Vestland fylkeskommune bidreg årleg med investeringsmidlar til Miljøløftet. Løyvingane i fylkesbudsjetet kan variere frå år til år, men størrelsen ligg nært opp til byvekstavtalen sitt årlege gjennomsnitt.

## Finansiering Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Bypakke Bergen går over tjue år, frå 2018-2037. Per no ligg inntektene i bypakka lågare enn det stortingsproposisjonen opnar for. Dei estimerte brutto bompenginntektene for handlingsprogramperioden er basert på ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 260 000, og ein gjennomsnittstakst på 13,30 kroner, som er på nivå med prognosane for 2026.

## Merknader

- Tal i handlingsprogrammet er oppgitt i forventa 2027-kroner (sjå tabell på neste side).
- Prosjekta som blir finansiert av fylkeskommunale midlar, samt riksvegtiltak er inkludert meirverdiavgift.
- Prosjekt på kommunal og fylkesveg som blir finansiert av statlege midlar er ikkje inkludert meirverdiavgift.
- *Post 66 Tilskot til betre kollektiv* er avsett til bybanen. Detaljert bruk av desse midlane i 2027 blir avgjort av styringsgruppa i første halvdel av 2027.
- Innspela over *post 66 Belønningsmidlar til drift kollektiv* er avhengig av å få tilbakebetalt dei tidlegare tilbakeholdne midlane frå staten. Forventa årleg tilbakebetaling er innberekna i oversikta over inntekter.
- Kolonnene med total finansiering viser berre total finansiering for gitt finansieringskjelde. Prosjekt kan ha andre finansieringskjelder i eller utanom Miljøløftet i tillegg.



## Arealutvikling i byvekstavtalen

Byvekstavtalen skal bidra til å skapa attraktive by- og tettstadssenter og ein meir effektiv arealbruk i avtaleområdet. Statsforvaltaren har hovudansvaret for å følge opp arealdelen av avtalen på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet. Det er viktig for avtaleområdet å lukkast med arealutviklinga for å støtte opp under prosjekta i Miljøløftet.

Kommunane skal planleggje i tråd med statlege planretningslinjer og regionale planar samt måla for byvekstavtalen. Byvekstavtalen har ei forventning om at avtalepartane har kommuneplanar som bygger opp under måla i avtalen.

Status 2026 er at kommunane er i ulike fasar i planarbeidet. Det er nyttig å få fram korleis forpliktingane og føringane på arealplanlegging i byvekstavtalen vert følgt opp hos avtalepartane, og kva effekt dette har på nullvekstmålet.

Det vert rapportert på måleindikatorar for arealutvikling for å synleggjere arealdisponeringar annakvart år. Indikatoren vert ikkje brukt for å måle måloppnåing, men kan gi eit bilete av i kva grad verkemiddel innanfor arealbruk vert teke i bruk. Det er behov for meir kunnskap, og måleindikatorar som kan spegla att senterstrukturen i kommunane, slik at dei gir eit mest mogleg korrekt bilete av arealutviklinga.

## Kroneindeks


Alle inntekter og kostnader i handlingsprogrammet er indeksert til 2027-kr. Unntaket er prosjekt finansiert av belønningmidlar over post 66 i kommunane. Sidan dette hovudsakeleg er pottar til mindre prosjekt, er det ikkje hensiktsmessig å indeksere desse beløpa.

Tabellen under viser kva indekser som er blitt brukt.

Finansiering	Forventa indeks 2027	Kjelde
Fylkeskommunalt bidrag	3,25 %	Vestland fylkeskommune
Post 30	3,5 %	Finansdepartementet, Veianlegg
Post 66	3,2 %	Finansdepartementet, Kap 1332 post 63 og 66

## Inntekter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer inntekter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2027–2029 og er i mill. 2027-kr.



Finansieringskjelder i tråd med byvekstavtalen 2019-2029 for perioden 2027–2029	2027	2028	2029	Sum 2027–2029
<b>Byvekstavtalen</b>				
Fylkeskommunalt bidrag - årleg gjennomsnitt	384	384	384	1 152
Post 30: Programområdemidler - årleg gjennomsnitt	531	531	531	1 593
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt	0	0	0	0
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar				
- belønningsmidlar til kommunane	45	45	45	135
- tilbakehaldne midlar	6	6	6	18
- belønningsmidlar til drift kollektiv	369	369	369	1 107
- tilbakehaldne midlar	52	52	52	156
- belønningsmidlar til betre kollektivtilbud	140	140	140	420
- belønningsmidlar til reduserte billettprisar kollektiv	64	64	64	192
<b>Sum finansiering i byvekstavtalen</b>	<b>1 591</b>	<b>1 591</b>	<b>1 591</b>	<b>4 773</b>


## Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer estimerte inntekter for Bypakke Bergen (Prop. 11 S) i handlingsprogramperioden 2027–2029 og er i mill. 2027 kr. Prognosen legg til grunn ein gjennomsnittsinntekt per passering på kr 13,30 og ein ÅDT på 260 000.

Inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)	2027	2028	2029	Sum 2027–2029
Brutto bompengainntekt	1 262	1 262	1 262	3 786
<b>Sum netto inntekter Bypakke Bergen (Prop 11 S)</b>	<b>1 262</b>	<b>1 262</b>	<b>1 262</b>	<b>3 786</b>

## Utgifter byvekstavtalen

Tabell og kakediagram detaljerer estimerte utgifter for byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2027–2029 og er i mill. 2027-kr.



Disponering av midlar i handlingsprogram 2027–2029	2027	2028	2029	Sum 2027–2029
Fylkeskommunalt bidrag	463	390	434	1 287
Post 30: Programområdemidlar	194	614	926	1 734
Post 63: Statleg tilskot til store kollektivprosjekt	0	0	0	0
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar				
- belønningsmidlar til kommunane	60	47	44	151
- belønningsmidlar til drift kollektiv	415	425	429	1 269
- belønningsmidlar til betre kollektivtilbod	140	140	140	420
- belønningsmidlar til reduserte billettprisar kollektivt	64	64	64	192
<b>Sum utgifter i byvekstavtalen</b>	<b>1 336</b>	<b>1 680</b>	<b>2 037</b>	<b>5 053</b>

## Utgifter Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabell detaljerer estimerte utgifter for Bypakke Bergen (Prop. 11 S) i handlingsprogramperioden 2027-2029 og er i mill. 2027-kr.

Disponering av midlar i Bypakke Bergen (Prop 11 S) 2027-2029	2027	2028	2029	Sum 2027–2029
Sum rekvirering av bompengar, samt drifts- og finanspostar	397	293	184	874
<b>Sum Bypakke Bergen (Prop 11 S)</b>	<b>397</b>	<b>239</b>	<b>184</b>	<b>874</b>



## Prosjekt i byvekstavtalen

Tabellane detaljerer prosjekt med finansiering gjennom byvekstavtalen i handlingsprogramperioden 2027–2029. Prosjekta er sortert etter finansieringskjelde og satsingsområde.

- Tala er oppgitt i 1000 og indeksert til forventa 2027-kr
- Prosjekt der totalkostnad ikkje er oppgitt er årlege pottar
- Prosjekt delfinansiert med statleg tilskot er samla under ein totalsum

## Fylkeskommunalt bidrag

Prosjektnamn	Kommune	Sum	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	Heile avtaleområdet		59 000	37 400	37 400	-
Fremkommelighetstiltak mjuke trafikantar	Bergen		5 200	5 200	5 200	-
Gangveier til kollektivtraseer	Bergen		12 700	12 700	12 700	-
Sentrums og knutepunktutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	Bergen		1 000	500	500	-
Sikker sykkelparkering i Bergen	Bergen		1 000	-	-	-
Sykkeltelling i Bergensområdet	Bergen		800	800	800	-
Trafikksikkerhet	Bergen		27 300	27 300	27 300	-
Program for teljing og analyse av fotgjenarstraumar/trafikkmodeller	Bergen		1 000	1 000	1 000	-
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	Bergen		2 200	2 200	2 200	-
Apeltunvegen	Bergen	2 600	2 600	-	-	-
Nonneseter	Bergen	27 200	25 100	2 100	-	-
Bradbenken - tiltak for mjuke trafikantar	Bergen	10 400	8 300	2 100	-	-
Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter	Bergen	55 200	41 300	13 900	-	-
Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole	Bergen	230 600	1 000	5 200	10 300	214 100
Kjøkkelvikveien samanhengande gang og sykkeltilbod	Bergen	232 900	7 200	16 000	51 600	158 100
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen	Bergen	152 600	2 100	10 700	42 700	97 100
Tennebakk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	Bergen	91 400	-	5 200	6 200	80 000
Klostergaten, gateoppusting	Bergen	69 900	25 800	25 800	18 300	-
<b>Kostnader til mva. og prosjektering i prosjekt som blir finansiert med statleg tilskot</b>		<b>514 800</b>				
- Ostereidet/Lindsdalen, fortau	Alver		5 100	200	-	-
- Fv. 5452 Leknesvegen, fortau og avkjørslesanering	Alver		800	-	-	-
- Fv. 5474 Seim, fortau og avkjørslesanering	Alver		2 100	5 200	6 000	2 900
- Fv. 5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver		-	1 000	5 100	3 900
- Fortau langs Erdalsvegen ved kryss Erdal barneskole og kryss Erdal ungdomsskole	Askøy		1 000	4 000	-	-
- Fv 5256 Erdalsvegen	Askøy		500	10 300	8 300	13 800
- Nordre Hauglandsveg	Askøy		3 100	2 900	4 500	800
- Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	Bergen		16 000	8 800	10 100	4 100
- Paradis 2. byggetrinn	Bergen		16 000	4 900	8 100	14 500
- Mindemyren, byggetrinn 2	Bergen		3 100	1 100	6 500	48 700
- Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	Bergen		10 300	19 200	2 900	49 500
- Nattlandsveien, Wiers-Jenssens vei–Hagerups vei	Bergen		3 100	10 300	12 200	28 800
- Vilhelm Bjerknes' vei	Bergen		1 000	1 000	1 000	1 400
- Grimstadvegen	Bergen		16 100	6 600	9 800	16 200

Gange og sykkel



Tabellen held fram på neste side



Fortsettelse av: Fylkeskommunalt bidrag

	Prosjektnamn	Kommune	Sum	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
	- Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løsning langs Hatvikvegen	Bjørnafjorden		1 500	-	-	-
	- Hauge–Osøyro	Bjørnafjorden		2 100	10 300	13 300	22 400
	- Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	Øygarden		13 000	5 900	7 300	-
	- Skogsskiftet sentrumsområde	Øygarden		5 700	11 800	8 300	400
Kollektivtransport	Bussprioritering Christiesgate -Torget	Bergen	7 300	5 200	2 100	-	-
	Fv 5216 Loddefjord Terminal	Bergen	3 100	3 100	-	-	-
	Oppdatering Aimsun trafikkmodell	Bergen	1 000	1 000	-	-	-
	Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen	Bergen		38 400	37 100	35 800	-
	Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak	Bergen		4 300	4 300	4 300	-
	Oppgradering holdeplasser	Bergen		10 700	10 700	10 700	-
	Oppgradering signalanlegg og ASP	Bergen		1 700	1 700	1 700	-
	Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	Bergen		61 400	49 900	49 000	-
Anna	Drift av sekretariatet i Miljøløftet	Heile avtale-området		11 400	11 400	11 400	-
	Reisevaneundersøkelsen (RVU)	Heile avtale-området		1 400	1 400	1 400	-
	Sum fylkeskommunale prosjekt			462 700	390 200	433 900	756 700

## Statlege post 30-midlar: Programområdetiltak

	Prosjektnamn	Kommune	Sum	Tidlegare løyving	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Gange og sykkel	E39 x Fv.564 på Flatøy i Alver kommune	Alver	46 600		5 200	41 400	-	-
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold	Bergen	313 000	299 500	13 500	-	-	-
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun–Hop	Bergen	228 000		-	5 200	41 400	181 400
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop–Fjøsanger	Bergen	23 400	2 200	2 100	19 100	-	-
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4A, Fjøsanger–Kanalveien	Bergen	310 100		-	5 200	56 900	248 000
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 4B, Kanalveien–Kristianborg	Bergen	151 100		-	-	5 200	145 900
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 5B, Fjøsangerveien/Solheimsgaten–Fabrikkgaten	Bergen	128 600		-	5 200	62 100	61 300
	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken–Glass Knag	Bergen	247 500	239 500	8 000	-	-	-
Kollektiv	Oppgradering haldeplassar riksveg	Heile avtale-området	5 175		2 070	3 105	-	-
	Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	Bjørnafjorden	1 900		600	1 300	-	-
<b>Delsum post 30 midlar til prosjekt på riksveg</b>			<b>1 455 375</b>	<b>541 200</b>	<b>31 470</b>	<b>80 505</b>	<b>165 600</b>	<b>636 600</b>
Gange og sykkel	Fv. 5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	Alver	19 900		-	-	3 100	16 800
	Fv. 5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	Alver	14 600	9 800	4 800	-	-	-
	Fv. 5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	Alver	38 500		-	-	25 900	12 600
	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	Alver	29 000	6 300	21 900	800	-	-
	Fortau langs Erdalsvegen ved kryss Erdal barneskole og kryss Erdal ungdomsskole	Askøy	16 100		-	16 100	-	-
	Fv. 5256 Erdalsvegen	Askøy	121 900		-	5 200	43 500	73 200
	Kv. 1156 Skarholmvegen	Askøy	38 100		5 400	32 700	-	-
	Nordre Hauglandsveg	Askøy	43 300		-	15 500	23 800	4 000
	Bjørndalsbakken bro. Økt framkommelighet for myke trafikanter	Bergen	32 200		-	16 100	16 100	-
	Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbøllien og Gyldenprisveien. Sikkerhet og framkommelighet	Bergen	69 600		18 200	25 700	25 700	-
	Gang- og sykkelveg Ytre Arna–Breistein	Bergen	9 400		500	8 900	-	-
	Grimstadvegen	Bergen	142 200		-	5 200	51 800	85 200
	Johan Berentsens vei - etablering av fortau	Bergen	53 200	18 900	24 600	9 700	-	-
	Kv. 5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva	Bergen	31 100		10 400	20 700	-	-
	Nattlandsveien, Wiers Jenssens vei–Hagerups vei	Bergen	172 700		-	-	20 700	152 000
	Nymark øst. Sykkelprioriterte gater og tilpasning av kjøremønster	Bergen	25 900		-	25 900	-	-
	Paradis 2. byggetrinn	Bergen	139 600		-	25 700	42 800	71 100
	Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Allé	Bergen	121 300		-	46 400	53 100	21 800
Vilhelm Bjerknes' vei	Bergen	12 300		-	-	5 200	7 100	
Wiers Jenssens vei. Framkommelighet og sikkerhet	Bergen	67 300		3 100	31 100	33 100	-	



Tabellen held fram på neste side



Fortsettelse av: Statlege post 30-midlar

	Prosjektnamn	Kommune	Sum	Tidlegare løyving	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
	Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	Bergen	229 700		-	3 100	15 500	211 100
	Mindemyren, byggetrinn 2	Bergen	269 000		-	5 200	31 100	232 700
	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	Bjørnafjorden	167 500	160 200	7 300	-	-	-
	Hauge–Osøyro	Bjørnafjorden	134 000		-	-	15 500	118 500
	Akse Straume sjøfront til Varden	Øygarden	11 200		5 600	5 600	-	-
	Bildøyvegen/Straumsundet bru	Øygarden	229 700	17 000	28 000	95 200	78 400	11 100
	Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	Øygarden	72 600		3 100	31 100	38 400	-
	Skogsskiftet sentrumsområde	Øygarden	119 300	2 600	30 000	50 300	35 300	1 700
Innfartsparkering	Innfartsparkeringsanlegg Løvfjellet	Askøy	171 400		-	-	103 500	67 900
	Innfartsparkering Åsane terminal*	Bergen	72 200		-	36 500	35 700	-
	Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro	Bjørnafjorden	82 800		-	20 700	62 100	-
<b>Delsum: post 30(66)-midlar til prosjekt på kommunal- og fylkesveg</b>			<b>2 758 200</b>	<b>214 800</b>	<b>162 900</b>	<b>533 400</b>	<b>760 300</b>	<b>1 086 800</b>
<b>TOTALSUM PROSJEKT POST 30</b>			<b>4 213 575</b>	<b>756 000</b>	<b>194 370</b>	<b>613 905</b>	<b>925 900</b>	<b>1 723 400</b>

\* Prosjektet «Innfartsparkering Åsane Terminal» ligg inne med finansiering frå 2028. Styringsgruppa i Miljøløftet vil peike på at det er vesentleg usikkerheit knytt til måloppnåing, kostnader og modenheit i prosjektet. Prosessen knytt til dette prosjektet har ikkje vore i samsvar med ordinære rutinar for behandling av handlingsprogram, og bør ikkje etablere presedens for behandling av handlingsprogram i framtida.

Bergen kommune vil setje av kommunale midlar i 2026 til eit forprosjekt som vil gi eit betre grunnlag for å vurdere måloppnåing, modenheit og eit meir detaljert kostnadsestimat. Dette vil ligge føre i god tid før rullering av handlingsprogrammet for 2028-2029. Prosjektet er svært viktig for Bergen politisk, og det ligg derfor inne i handlingsprogrammet trass i at det er spelt inn etter fristen. Bergen bystyre fatta også vedtak om prosjektet i mars 2026.

Styringsgruppa tar ikkje stilling til nytteverdien og endeleg finansieringsramme av prosjektet, men ventar med denne vurderinga til etter at tiltaket har vore vurdert i høve til modenheit og måloppnåing.

## Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar avtalekommunar

	Prosjektnamn	Kommune	2027	2028	2029
Innfarts-parkering	Innfartsparkeringsanlegg Løfjellet	Askøy	2 000	-	-
	Kv. 1212 gang- og sykkelveg Kollevågvegen (Tveit–Ravnanger)	Askøy	2 900	-	-
Gange og sykkel	Planleggingsmidler Askøy kommune	Askøy	2 700	2 700	2 700
	Oppfølging av sykkelstrategi	Askøy	200	200	200
	Belønningsmidler i Alver	Alver	3 500	3 500	3 500
	Bysykkelordningen i Bergen	Bergen	3 000	-	-
	Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	Bergen	27 900	26 900	24 700
	Sykkelbyen Bergen	Bergen	500	500	500
	Gang- og sykkelbro over Puddefjorden, reguleringsplan	Bergen	2 000	1 000	-
	Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune	Bergen	8 500	5 700	5 700
	Sykkelstrategi Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 000	1 000	1 000
	Strategi for grøn mobilitet Bjørnafjorden kommune	Bjørnafjorden	1 000	1 000	1 000
	Prosjektstilling for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	Øygarden	1 000	1 000	1 000
	Midlar til administrasjon og utvikling av mikromobilitet i Øygarden kommune	Øygarden	100	100	100
	Gjennomføringmidler til tiltak i Trafikktryggleiksplanen 2025-2029	Øygarden	1 500	1 500	1 500
	Samlepott planleggingsmidler for prosjekt i Øygarden kommune	Øygarden	2 000	2 000	2 000
	<b>Sum Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar avtalekommunar</b>			<b>46 152</b>	<b>37 412</b>

## Statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar til drift av kollektivtransport

	Prosjektnamn	2027	2028	2029
Kollektiv-transport	Iverksette tiltak ved inngang til byvekstavtalen	268 000	268 000	268 000
	Omlegging linjenett i Bergen vår 21	58 000	58 000	58 000
	Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet	35 000	40 000	44 000
	Styrking i Bergen sentrum, linje 11	1 000	1 000	1 000
	Etablering av regionstamlinje Bergen–Bjørnafjorden	7 000	7 000	7 000
	Nullutslepp båt Bergen–Askøy og Bergen–Alver	21 000	21 000	21 000
	Styrka rutetilbod og bestillingstransport Askøy	15 000	15 000	15 000
	Styrka rutetilbod ved opning av Sotrasambandet - Øygarden og Bergen Vest	10 000	15 000	15 000
<b>Sum statlege post 66-midlar: Belønningsmidlar til drift av kollektivtransport</b>		<b>415 000</b>	<b>425 000</b>	<b>429 000</b>

## Statlege post 66-midlar: Andre tilskot

(mill. kr)

Prosjektnamn	2027	2028	2029	Kommentar	
Kollektiv-transport	Tilskot til betre kollektivtilbod	140	140	140	Detaljert bruk av desse finansieringskjeldene blir avgjort i slutten av 2026 og starten av 2027
	Tilkot til reduserte billettprisar	64	64	64	
<b>Sum: Andre tilskot</b>					
	<b>204</b>	<b>204</b>	<b>204</b>		

## Handlingsprogram fordelt på satsingsområde

(mill. kr)

Forventa bruk fordelt på satsingsområda i byvekstavtalen	2027	2028	2029	Sum 2027-2029
Gange og sykkel	574	871	964	2 533
Kollektiv	747	739	735	2 221
Innfartsparkering	2	57	201	261
Anna	13	13	13	38
<b>Totalsum</b>	<b>1 336</b>	<b>1 680</b>	<b>2 037</b>	<b>5 053</b>

## Handlingsprogram fordelt på kommunar

(mill. kr)

Kommune	2027	2028	2029	Sum 2027-2029
Bergen	478	617	858	1 954
Alver	43	52	44	139
Askøy	18	90	187	294
Bjørnafjorden	14	34	93	141
Øygarden	90	205	172	467
Prosjekt i heile avtaleområdet	693	682	683	2 058
<b>Totalsum</b>	<b>1 336</b>	<b>1 680</b>	<b>2 037</b>	<b>5 053</b>

### Prosjekt i Bypakke Bergen (Prop 11 S)

Tabellen detaljerer prosjekt med finansiering i Bypakke Bergen i handlingsprogramperioden 2027–2029. Tala er oppgitt i millionar og indeksert til forventa 2027-kr.

Prosjektnamn	2027	2028	2029	Sum 2027-2029
Bybanen byggetrinn 5, prosjektering og grunnerv	199	106		374
Bybybane fra sentrum til Sandviken, reguleringsplan	15	4		80
<b>Sum Bypakke Bergen</b>	<b>214</b>	<b>110</b>		<b>454</b>

Alver kommune | Askøy kommune | Bergen kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune  
Statens vegvesen | Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statsforvaltaren i Vestland

Miljøløftet  
Nygårdsgaten 112  
5009 Bergen